



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/210 - 16/26077

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
22.09.2016

## Løyve til etablering av teknisk bygg - gbnr 191/43 Nepstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 454/16**

**Tiltakshavar:** Statens vegvesen Region vest  
**Ansvarleg søkjar:** Statens vegvesen Region vest  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av teknisk bygg ved E39 Mundalsberg tunnelen, gbnr 191/43. Bygget skal plasserast på portalområdet på sørvest-sida av tunnelen. Bygd areal er opplyst til å vera ca. 89 m<sup>2</sup>.

Mundalsberg tunnelen skal i 2016-2017 oppgraderast for å tilfredsstilla tryggleikskrav i tunnelforskrifta m.m. I den samanheng er det naudsynt med nytt teknisk bygg for styring/drift av elektro-, overvåking- og tryggleiksutstyr.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund 2007-2019.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.01.2016, supplert med dokumentasjon sist mottatt 19.09.2016.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 03.02.2016 og 12.08.2016. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 05.07.2016 og 19.09.2016. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 10.10.2016.

#### Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen Knarvik – Alversund 2007-2019 sin arealdel er definert som LNF med omsyn på særskilde kulturlandskapsinteresser.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet LNF.


Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Begrunnelse for søknaden:

E 39 Mundalsberg tunnelen skal oppgraderes sikkerhetsmessig for å tilfredstille krav i tunnelsikkerhetsforskriften. Det skal i denne forbindelsen installeres mye nytt teknisk utstyr .

Det trengs da ett teknisk bygg i nærheten av tunnelportalen for drift og styring av installasjonene .

Området er i kommunedelplan for Knarvik-Alversund 2007-2014 lagt ut til LNF-område med særskilde kulturlandskapsinteresser.



Det er ikke funnet egne bestemmelser for denne arealkategorien, men det er bestemmelse for 2.10.Spreidd bustadbygging i LNF-områda.

*Mindre tiltak, som er ein naturleg del av tunet, på bebygd bustadeigedom, er tillate utanfor den funksjonelle strandsona. Plan- og bygningslova § 20-4, 1. ledd, punkt 2,2.ledd punkt c.*

Der funksjonelle strandsonen er vist langs sjøsiden på E 39.

Tiltaket med nytt teknisk bygg er dermed utenfor den viste funksjonelle strandsonen.

På det aktuelle området for nytt teknisk bygg er det delvis ett parkeringsområde nærmest kommunevegen. På nordsiden av teknisk bygg er det skog og relativt bratt.

På sørsiden av kommunevegen er det dyrka mark.

Statens vegvesen sin vurdering er at plasseringen av ett nytt teknisk bygg på nordsiden av kommunevegen ikke vil gi negative virkninger i forhold til kulturlandskapsinteressene i området.

Utformingen av bygget er lavt, en etasje og saltak i samsvar med tradisjonell byggeskikk i området.

Nytt teknisk bygg er nødvendig for å tilfredsstille krav i tunnelforskriften.

Statens vegvesen region vest søker herved om dispensasjon for oppføring av nytt teknisk bygg på gnr 191, bnr 43.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 20.01.2016.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense mot kommunal veg. Vegstyresmakta har i vedtak datert 26.04.2016 gjeve dispensasjon til plassering 8,0 meter frå midt kommunal veg.

Det er søkt om OK golv på kote ca. + 41,8.

### **Vatn og avløp (VA)**

Ikkje relevant. Bygget skal ikkje ha innlagt vatn.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Vegavdelinga vurderer, ut frå bruksføremålet til bygget, at eige avkjøringsløyve frå kommunal veg ikkje er naudsynt. Det ligg føre privat avtale om rett til parkering.

### **Terrenghandsaming**

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at

vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsynet bak LNF-føremålet er i dette området særleg knytt til kulturlandskapet. Administrasjonen vurderer at omsøkte tiltak vil få liten eller ingen verknad i høve til dei omsyna som LNF-føremålet skal ivareta. Bygget skal plasserast på areal som har direkte i tilknytning til tunnel- og vegarealet. Arealet er i dag delvis nytta til parkeringsføremål, medan resterande areal ligg i relativt bratt skogkledd terreng. Tiltaket vil ikkje leggja beslag på areal som har verdi i høve landbruk eller kulturlandskap. Omsøkte tiltak vil sikra ein oppgradert tunnel i samsvar med tryggleikskrava i tunnelforskrifta. Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Privatrettslege tilhøve**

Omsøkte tekniske bygg skal plasserast delvis på gbnr 191/1 og gbnr 191/11. Det er inngått kjøpekontrakt med eigarane.

### **Tiltaksklasse og ansvar**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) for oppføring av teknisk bygg slik det er søkt om.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf § 20-3, vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av teknisk bygg i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan 20.01.2016, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Før det vert gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest for tiltaket skal
  - faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

## **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/210**

### *Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### *Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### *Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### *Mellombels bruksløyve/Ferdigattest*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

**Mottakrar:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER